

# Referat frå foreldre- og elevkveld for 5.klasse 2019.

Måndag 27.mai kl. 18.00-19.30, kombinert foreldremøte og elevkveld.

Bilder frå skuleåret.

- Det er eit godt klassemiljø i klassen og lite ueinigheiter. Vi har det gøy i lag.

Kva skjer framover i juni:

- FairPlay i morgon - info om det.
- Fadder-opdrag 4.juni for nye 1.klassingar.
- 19.juni - tur til sjøen.
- Sommerferie torsdag 20.juni kl 12.00

Eg fortalte litt om hausten. Eg held fram som kontaktlærer for dei i 6.klasse.

- 7.klasse kjem til å gå i lag med oss mykje.
- Leirskule. Det blir i 7.klasse for desse elevane. Mest sannsynleg vinter på Dyrkolbotn. Evt. haust i lag med elevar frå Lindås.
- Matstova - mat og helse. Litt i 6.klasse og mest i 7.klasse.

Elevane ønskjer ein klassesetor til Bergen neste år. Vi kan bruka pengar frå Matstova på dette.

Canvas - vår nye digitale læringsplattform. Bruken av It`s learning er avslutta og kommunen har begynt å bruke Canvas på alle skulane. Foreldra fekk ei lita innføring. Dei vart informerte om App som elevane kan ha på tlf sin og at nokre oppgåver og tester blir lagt ut der framover. Varslingsinnstillingar kan tilpassast, slik at ein ikkje får alt for mange varsel på e-post. Meir info om Canvas kjem til hausten for foreldra. Eg gjorde foreldra oppmerksame på Chat-funksjonen. Alle kan sjå det som blir skriven og eg er i samme fag. Fin måte å øve seg på å høgleg bruk av chat. Elevane er opptatt av likes og eg tok vekk denne funksjonen på chat.

Vi drakk kaffi og elevane hadde bakt epleterte. Det var god stemning og vi spelte Alias, to lag, blanda foreldre og barn.

Val av vara FAU-representant og klassekontakt. Torbjørn Refsdal sa seg villig til å vera vara og klassekontakt.

Etter valet gjekk vi i gymsalen og spelte kanonball-kamp vaksne mot barn. Det var stort engasjement og høgt konkurranseinstinkt.

Til slutt kunne dei som ønskja det vise arbeid i si mappe til foreldra sine.

Frammøtte: Alle dei 9 heimane var representerte, og 5 av elevane hadde med seg både mor og far. Altså 14 foreldre og 9 elevar stilte. Fantastisk!

Referent: Kristine Lunde.